

Bremanger kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 20.03.2015
Møtestad: Bremanger kommunehus, formannskapssalen
Møtetid: Kl. 09:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet
Revisor i sak 10 og 11

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:

o Arnar Helgheim: ah@sekom.no (mobil: 975 81 418)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
008/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/15	Skriv og meldingar 20.3.15
010/15	Forvaltningsrevisjon: Avvikshandtering - statusrapport
011/15	Uavhengigheitserklæring frå oppdragsansvarleg revisor
012/15	Oppfølgingsliste og merknader 2 - 2015

Med helsing

Harry Gulestøl
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 20.03.2015	Saksnr 008/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/145
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 20.03.2015	Saksnr 009/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1438	Arkivsaknr.: 15/58
---	-------------------------------------	------------------------------

Skriv og meldingar 20.3.15

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	12.01.2015	Erklæring om retting av lovbrøt i høve § 9a ved Frøyen skule	15/77
2	23.01.2015	Uttale frå leiinga, årsrekneskapen for 2014 (frå KRYSS Revisjon)	15/166
3	23.01.2015	Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald (frå KRYSS Revisjon)	15/169
4	06.02.2015	Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald m.v. (frå rådmannen)	15/319
5	04.03.2015	Varsel om lovlegkontroll av vedtak i kommunestyresak 60/14 (frå Fylkesmannen)	15/497
6	23.01.2015	Prosjektrekneskap, trafikktryggingstiltak, TIK-midlar, Bremanger	15/350
7	19.01.2015	Årsrapport for 2014 - Skatteoppkrevjaren i Bremanger kommune	15/178
8	18.02.2015	Kontrollrapport 2014 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Bremanger kommune	15/418
9	13.01.2015	Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat	15/79
10	27.02.2015	FKT fagkonferanse på Gardermoen 3.-4. juni 2015. Invitasjon	15/490

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
ved Lill Mona Solberg
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref.
14/2532-1/K1-//GRO

Dykkar ref.

Dato:
19.11.2014

Erklæring om retting av lovbrøt i høve § 9a ved Frøyen skule

Fylkesmannen opna tilsyn ved Frøyen skule, 07.01.2014. Tilsynet skulle sjå til at skulen sitt arbeid med eleven sitt psykososiale miljø vert etterlevd.

Utsending av endeleg rapport var den 03.07.2014, med frist for retting av lovbrøt til den 05.10.14, etter søknad frå kommunen vart fristen utsett til 01.12.14.

Lovbrøt og retting:

Etter opplæringslova § 9-4, jf. 9a-3 første ledd skal Bremanger kommune sjå til at Frøyen skule arbeider aktivt, systematisk og kontinuerleg for å hindre at uønskt åtferd oppstår. Bremanger kommune må i denne samanhengen sjå til at Frøyen skule:

- a) Har systematikk i det førebyggjande arbeidet og har eit heilskapleg evalueringssystem.

Retting:

Kontoradresse:
Rådhuset

6721 SVELGEN

Postadresse:
Postboks 104

6721 SVELGEN

Telefon / telefaks:

57 79 63 01

E-post / web:
gro.bakke.abildsnes@bremang
er.kommune.no
www.bremanger.kommune.no

Bankgiro:
3776.07.50035

- a) Frøyen skule har årshjul for PALS, som er ein skuleomfattande tiltaksmodell og har som siktemål å førebyggje og fremje positiv åtferd, støttande læringsmiljø og god samhandling. (vedlegg 1)

Det er oppretta elevråd ved skulen hausten 2013 og skulemiljøutval våren 2014 (30.04.). Det er sett opp plan for rådsorgana ved skulen; «Årshjul for rådsorgana» (vedlegg 2) slik at ein sikrar seg at skulemiljøet vert ivareteke. I «Årshjul for rådsorgana» er det òg tatt med kva tid ein skal evaluere Handlingsplan ved mobbing i utval og i personalmøte, slik at ein sikrar seg at dette vert gjort årleg. (vedlegg 2)

Etter § 9a-3 andre ledd skal Bremanger kommune syte for at dei tilsette ved Frøyen skule handterer krenkjande åtferd dei har kunnskap / mistanke om. Kommunen må sjå til at Frøyen skule:

- a) Informerer alle som har sitt virke i skulen om handlingsplikta og sikrar at dei forstår innhaldet.
- b) Etablerer ein felles praksis for når dei tilsette skal undersøkje og gripe inn overfor krenkjande åtferd.
- c) Har eit forsvarleg system for varsling til leiinga og rutinar for korleis leiinga følgjer opp varslinga.

Retting:

- a) Det er no sett opp faste rutinar for dette gjennom heftet «Opplæringslova § 9a – Frøyen skule» (vedlegg 3). Det er også sett inn i årshjulet for verksemda (vedlegg 4).
- b) Felles praksis er skissert i heftet «Opplæringslova § 9a – Frøyen skule» (vedlegg 3)
- c) Felles rutine / rettleiar er laga i heftet «Opplæringslova § 9a – Frøyen skule» (vedlegg 3)

Etter § 9a-3 tredje ledd skal Bremanger kommune syte for at Frøyen skule handsamar oppmodingar om tiltak ved å fatte enkeltvedtak etter reglane om dette i

forvaltningslova. Bremanger kommune må i denne sammenhengen sjå til at Frøyen skule:

- a) Orienterer foreldre og elevar som kjem med ei oppmoding om tiltak om retten til å få saka handsama som eit enkeltvedtak
- b) Fattar enkeltvedtak ved alle oppmodingar som gjeld elevane sitt psykososiale miljø.

Retting:

- a) I heftet «Opplæringslova § 9a – foreldrerettleiar – Frøyen skule» (vedlegg 5) er det informert om retten til enkeltvedtak, rettleiar ved utfylling og skjema ein kan bruke. Heftet er også gjort tilgjengeleg på skulen si heimeside. Heftet skal gjerast kjent på første klasseforeldremøte om hausten samt på Samarbeidsutvalsmøte, dette viser att i «Årshjul for rådsorgana» (vedlegg 2).
- b) Frøyen skule skal når det er naudsynt fatte enkeltvedtak jf. heftet «Opplæringslova § 9a – Frøyen skule». (vedlegg 3)

Etter §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11 skal Bremanger kommune sjå til at Frøyen skule involverer og engasjerer elevar og foreldre i skulemiljøarbeidet. Kommunen må i denne sammenhengen sjå til at Frøyen skule:

- a) Har rutinar for å sikre at alle elevane på skulen er involverte i skulemiljøarbeidet
- b) Opprettar samarbeidsutval med lovleg samansetnad
- c) Har rutinar for å halde elevrådet, samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet orienterte om forhold som er av vesentleg verdi for skulemiljøet.

Retting:

- a) Det er sett opp årsplan/årshjul for arbeid i elevråd og skulemiljøutval for å sikre at elevane på skulen er involverte i skulemiljøarbeidet. (vedlegg 2)
- b) Det er oppretta samarbeidsutval med lovleg samansetnad (vedlegg 6)
- c) Sjø årplan/årshjul for arbeid i elevråd og skulemiljøutval (vedlegg 2)

Med dette meiner vi at arbeidet på Frøyen skule med å sikre at eleven sitt psykososiale miljø vert etterlevd, er ivaretatt og at lovbrota er retta.

Med helsing

Gro Abildsnes
kommunalsjef

Av vedlegg følgjer:

1. Årshjul for PALS
2. Årshjul for rådsorgana ved Kalvåg oppvekst 2014 - 2015
3. Opplæringslova § 9a – Frøyen skule – prosedyre
4. Årshjul for Kalvåg oppvekst 2014 - 2015
5. Opplæringslova § 9a – foreldrerettteiar – Frøyen skule
6. Samansetnad av Samarbeidsutval ved Kalvåg oppvekst

Kopi til

- Rådmann i Bremanger, Tom Joensen
- Kalvåg oppvekst ved Dag Magne Nigardsøy

Bremanger kommune
v/Rådmannen

kopi: ordføreren
kontrollutvalet
økonomisjefen

6723 SVELGEN

Dykkar ref.:

Vår ref.:

\\årsavslutning2014/tf-tv

Arkivkode:

216

Journalnr.:

001 / 2015

Dokumentdato:

20. januar 2015

UTTALE FRÅ LEIINGA - BREMANGER KOMMUNE, ÅRSREKNESKAPEN FOR 2014

Revisjon etter kommunelova sine bestemmelsar skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk, jf. koml.§ 78 med tilhøyrande forskrift. Revisjon etter god kommunal revisjonsskikk skal følgje internasjonale revisjonsstandardar (ISA-er), fastsatt av International Auditing and Assurance Standards Board (IAASB).

Vi viser òg til bestemmelsen i kommunelova § 23, som tydeleggjer administrasjonssjefen sitt ansvar for å føre kontroll med kommunen si verksemd. I tråd med allment aksepterte leiingsprinsipp vil ein leiar av ei verksemd måtte etablere rutinar og system for å sikre at verksemda når dei mål som er satt, samt ei forsvarleg formueforvaltning. Revisor skal som kjent om nødvendig skriftleg påpeike feil og manglar ved organisering av den økonomiske internkontrollen i kommunen.

Det følgjer av ISA 580 – *Skriftlege uttalelser*, at revisor må innhente føremålstenlege uttaler frå leiinga. Det må innhentast skriftlege uttaler om at leiinga meiner å ha oppfylt sitt ansvar for utarbeidinga av rekneskapen og for fullstendigheita av informasjonen som er lagt fram for revisor, samt for å underbygge anna revisjonsbevis. Vidare følgjer det av ISA 240 – *Revisors oppgåver med og plikt til å vurdere misleghald ved revisjon av rekneskaper*, at revisor må innhente skriftlege uttaler frå leiinga om sentrale spørsmål og vurderingar i forhold til misleghald. (vi sender eige brev kring dette årleg). Etter ISA 560 – *Hendelser etter balansedagen*, har revisor også plikt til å vurdere hendingar etter utløpet av rekneskapsåret.

Dette er bakgrunnen til at vi har funne det riktig å be om ei særskilt skriftleg uttale frå kommunen si ansvarlege administrative leiing om at dei meiner å ha oppfylt sitt ansvar for utarbeiding av rekneskapen og at den, så langt leiinga kjenner til, inneheld dei opplysningar som vert krevd etter lov og god kommunal rekneskapsskikk. Vedlagt følgjer eksempel på ei slik erklæring vedkomande rekneskapen for 2014. Saman med ei oppsummering av eventuelle feil i rekneskapen som revisor har påvist og som seinare ikkje er retta, meiner revisjonen at uttalen vil vere dekkande.

Vi håpar og at kommunen si leiinga vil finne erklæringa hensiktsmessig. De må sjølvstøtt formulere eit slikt brev til oss slik de sjølv vil. Med visning til punktet om hendingar etter utløpet av rekneskapsåret, er det naturleg at erklæringa dekkar tidsrommet fram til og med 15. mars, då vi etter oppsett plan skal

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 61 26 48;
- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstad v 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt. mobiltlf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

avgje vår revisjonsberetning. Vi tillet oss derfor å be om at uttalen frå leiinga i utfylt og underskriven stand blir sendt til oss innan nemnde dato.

I samband med rekneskapsavslutninga minner vi og om at dei grunnleggande samanhengane i rekneskapen må vere tilstades og at kretsløp og andre sentrale samanhengar og avstemmingar skal vere gjennomført. Alle avstemmingar skal vere dokumenterte.

Revisjonen er kjend med at kommunen har tinga NKRF si regnskapsmappe (CD-mappe, elektronisk versjon 2014, som inneheld mellom anna dei nødvendig avstemmingane. Vi oppmodar om at denne vert nytta i årsavslutninga for 2014. Merk også at med referanse til Lov om bokføring (bokføringslova) § 11, så skal det føreligge dokumentasjon for balansepostar.

Vi syner mellom anna til at det må føreligge dokumentasjon for at bokførte bundne fondsavsetningar settar krava for å vere bundne fond. Det er også vår oppfatning at saldo for ubrukte lånemidlar bør gjennomgåast og vurderast i samband med nye låneopptak.

Vi syner òg til Kommunal Rekneskapsstandard (KRS) nr. 4 som omhandlar skille mellom drift og investering.

Vi minner elles om dei krav som er stilt til kommunen si årsmelding/årsrapport (rekneskapsforskrifta § 10) og til dei notekrav som er stilt til rekneskapspresentasjon. Forskriftene sin frist for levering av årsmeldinga/årsrapporten for 2014 er 31. mars 2015.

Det kan oppstå situasjonar der administrasjonen sjølv eller revisor finn feil og manglar i den avlagde rekneskapen, som ein i samråd med revisor velger å retta opp. Dersom det av ulike årsaker blir føreteke endringar i rekneskapen etter at den er oversendt til revisor, skal det framleggast nytt rekneskap, med ny dato påført (bør vere som tillegg til opprinneleg dato) og nye underskrifter.

Vi vil minne kommunane om at revisor etter det nye regelregimet er forplikta til å skrive negativ revisjonsberetning den 15.04.15, dersom rekneskap og årsmelding/årsrapport ikkje ligg føre innan forskriftsfristane. Merk også at dersom årsrekneskapen er levert/datert etter 15.02. forpliktar det revisor å presisere dette i revisjonsberetninga.

Vi ser fram til eit konstruktivt samarbeid i det føreståande arbeidet med årsoppgjeret for 2014, og vonar administrasjonen legg opp rutinar som sikrar at økonomibestemmelsane og dei fristar som er sett, skal kunne overhaldast.

Vi ønskjer administrasjonen lukke til med det føreståande rekneskapsarbeidet kring årsoppgjeret for 2014 for kommunen, og minner også om at dei same fristar og krav gjeld for dei kommunale føretaka.

Florø, 20. januar 2015

Med helsing

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde
Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Trine Vokuhl
Kommunerevisor 1

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Vedlegg:

Eksempel på uttale frå leiinga/fullstendighetserklæring til årsrekneskapen for 2014

Vedlegg**Eksempel/mal for uttale frå leiinga / fullstendigheitserklæring til årsrekneskapen 2014**

Til
 Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord,
 KRYSS Revisjon, Postboks 487,
 6802 Førde

**UTTALE FRÅ LEIINGA VEDKOMANDE ÅRSREKNESKAPEN TIL FØRDE
 KOMMUNE FOR 2014 – FULLSTENDIGHEITSERKLÆRING.**

Dette brevet vert sendt i samband med dykkar revisjon av rekneskapen til kommune for året som vart avslutta 31. desember 2014, med det føremål å kunne konkludere om korvidt rekneskapen i det alt vesentlege gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Vi stadfestar etter beste evne og overtyding at:

Rekneskap og budsjett

- Vi har oppfylt vårt ansvar for å syte for at kommunen sin rekneskap og økonomi forvaltning er gjenstand for betryggande kontroll, herunder slik intern kontroll som vi finn naudsynt for å muliggjere utarbeiding av ein rekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller feil. Vi har oppfylt vårt ansvar vedkomande utarbeiding av rekneskapen i samsvar med kommunelova og forskrift om årsrekneskap og årsberetning (for kommuner og fylkskommuner), og meiner at rekneskapen gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
- Viktige forutsetningar som er nytta av oss ved utarbeidinga av rekneskapsestimat, herunder rekneskapestimat målt til verkeleg verdi, er rimelege.
- Alle hendingar etter utløpet av rekneskapsåret som iflg god kommunal rekneskapskikk medfører korrigering eller omtale, er korrigert og omtalt.
- Vi meiner at verknaden av ikkje korrigert feilinformasjon er uvesentleg, både enkeltvis og samla for rekneskapsåret. Ei liste over ikkje korrigert feilinformasjon følgjer som vedlegg.
- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året ligg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktelsar for kommunen utover det som går fram av rekneskapen.
- Alle budsjettendringar gjennom året er registrert og inkludert i regulert budsjett.
- Dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen, er i samsvar med budsjettvedtak.

Opplysningar som er gjevne:

- Vi har gjeve revisor:
 Tilgang til alle opplysningar, som vi har kjennskap til, som er relevante for utarbeidinga av årsrekneskapen

Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsføremål, og ubegrensa tilgang til personar i kommunen som det etter revisor si vurdering er nødvendig å innhente revisjonsbevis frå.

- Alle transaksjonar er registrert og reflektert i rekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om resultat av vår vurdering av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følge av misleghald. (vi viser til eige brev frå revisor og vårt svarbrev)
- Vi har gjeve revisor opplysningar om alle kjende tilfelle av manglande etterleving eller mistanke om manglande etterleving av lover og forskrifter som kan ha betydning for utarbeidinga av rekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om identiteten til kommunen sine nærstående partar og alle forhold til nærstående partar og transaksjonar med desse som vi er kjende med.
- Vi har rekneskapsført eller opplyst om alle forpliktelser, både aktuelle og latente, og har i note til årsrekneskapen gjeve opplysning om kommun sine garantiansvar.
- ((ta eventuelt inn andre aktuelle kulepunkt ved behov))

Eventuelle kommentarar til kulepunkta over (evt henvisningar til kommentarar i særskilt vedlegg

Stad, dato

(Administrasjonssjef/rådmann)

(Økonomiansvarleg/rekneskapssjef)

Bremanger kommune
v/Rådmannen
Postboks 104
6721 SVELGEN

Kopi: Kontrollutvalet

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	\\misleghaldtilsyn15/tf15	216	002 / 2015	20. januar 2015

RÅDMANNEN SITT TILSYN I FORHOLD TIL RISIKO FOR MISLEGHOLD, M.V. :

I følge gjeldande *revisjonsstandardar* (ISA) skal revisor opparbeide seg ei forståing av kommunen si verksemd og dei risikoforholda som knyter seg til den økonomiske rapporteringa i kommunen. Bakgrunnen for dette er at revisor skal kunne rette sin innsats inn imot områder der risikoen er størst for at vesentleg feilinformasjon, eller områder der faren for at feil og manglar av vesentleg karakter kan oppstå. Dette enten slik feilinformasjon, eller feil og manglar, skuldast bevisste eller ubevisste feil.

For å vere oppdatert og deri oppnå auke i forståinga av den kommunale verksemda og eksisterande risikoforhold, krev gjeldande revisjonsstandard at *revisor skriftleg innhentar årleg uttale frå leiinga i kommunen* om korleis risiko for misleghald vert vurdert, korleis denne risikoen blir handtert, kommunikasjon nedover i organisasjonen i forhold til handtering av risiko, og kommunikasjon frå leiinga i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd.

Revisjonen tør derfor be om skriftleg tilbakemelding på følgjande:

- rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald
- kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i kommunen – inkludert eventuelle betydelege risiki for misleghald som er identifisert, eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytta til rekneskap, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald
- kva eventuell kommunikasjon har rådmannen med Bremanger Kommunestyre vedkomande slike prosessar
- kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd
- om rådmannen har kjennskap til eventuelle faktiske, mistenkte eller påståtte misleghald i kommunen

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt. mobiltlf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

- om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldst mislegheiter som kan knytast til *relasjonar til nærståande partar* og transaksjonar med desse:
 - kva er identiteten til kommunen sine nærståande partar og kva eventuelle endringar som har vore det siste året
 - kva slags relasjonar kommunen har til desse nærståande parter, og
 - korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane

Vi håper De kan gje oss nokre kommentarar til ovannemnde, og tør be om at rådmannen sitt svar tilbake til oss kan ligge føre innan 10. februar 2015.

Florø, 20. januar 2015

Med helsing

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 33 6701 Førde

Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonsjef

Trine Vokuhl
Kommunerevisor 1

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord



KRYSS Revisjon
Strandgt 43

6900 FLORØ

Vår ref.
15/224-2/K1-216//TOM

Dykkar ref.

Dato:
05.02.2015

Vedk. rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald, m.v.

Eg syner til Dykkar brev datert 20.01.2015.

Generelt sett vurderer eg risikoen for ev. misleghald størst i forhold til innkjøp av varer og tenester og sikring av at desse vert nytta til tiltenkte føremål i kommunen. Bremanger kommune har elektronisk bilagsføring i heile verksemda. Dette inneber m.a. at det ikkje er mogleg å tilvise utan at minst to personar har vore involvert i prosessen. Dette bidreg til redusert risiko for misleghald på innkjøpsområdet. I tillegg deltek kommunen i eit prosjekt m.a. saman med fylkeskommunen vedk. innføring av e-handel. Implementeringa av dette vil redusere risikoen ytterlegare ved at alle innkjøp skal dokumenterast og klarerast før iverksetjing. På bakgrunn av at risikoen vert vurdert som låg, er i avgrensa grad sett i verk tiltak med særskild fokus på misleghald.

Kommentarar til kulepunkta:

- ***Rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald***

Eg har ingen grunn til å tru at kommunen sin rekneskap inneheld vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald og vurderer risikoen for dette som liten.

- ***Prosessar som lagt opp til å identifisere og handtere risiko for misleghald***

Som nemnd innleiingsvis vurderer eg risikoen for misleghald som størst i samband med kjøp av varer og tenester. Den rekneskapsmessige inndelinga med tilvisingsmynde til namngjevne personar gjer at risikoen for store avvik er avgrensa. Den einskilde med tilvisningsmynde har avgrensa budsjett og store avvik vil fort kunne bli oppdaga.

Det vert stilt krav til driftsleiarane om å ha fokus på økonomistyring, ved at dei rapporterer på forventa avvik kvar månad. Rutinane rundt dette vil bli ytterlegare skjerpa i 2015.

Elles, som nemnd innleiingsvis, bidreg elektronisk handtering av inngåande faktura til redusert risiko for uønska hendingar.

- ***Kommunikasjon mellom rådmann kommunestyret vedkomande slike prosessar***

Eg har ikkje eksplisitt sett på dagsorden prosessar rundt handtering av risiko for mislegald. Gjennom jamleg rapportering til kommunestyret om status og utvikling vert det fokusert på politikarrolla sine hovudfunksjonar: ombods-, styrings-, arbeidsgjevar-, og utviklarrolla. I denne samanhengen vil i einsskilde høve vere naturleg å fokusere på prosessar knytt til identifisering og handtering av risiko.

Dette gjeld og i samband med handsaming av regelverk/retningsliner og organisatoriske endringar. M.a. vil nytt innkjøpsreglement og nytt økonomireglement (spesielt med fokus på investeringsprosjekt) bli handsama i 2015.

- ***Ev. kommunikasjon mellom rådmann og tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk åtfærd.***

Det vert halde minimum 4 driftssjefssamlingar kvart år med ulike tema. Då er kommunalsjefar, stab og alle driftssjefar samla. I tillegg vert det halde møte med kommunalsjefar og stab fast ein gong i månaden. Målet med samlingane/møta er m.a. å skape felles haldningar og praksis i forvaltninga, samt å drøfte leiarrolla/-ansvaret i vid forstand. Her drøftar ein m.a. etikk og kommunen sine reglement/retningsliner. Formidling av rådmannen sine syn i høve til forvaltningspraksis og etisk åtfærd er ein naturleg del av dette.

Elles nyttar vi rundskrivsordninga til å formidle retningsliner og forventningar til forvaltningspraksis.

- Underteikna har ikkje kjennskap til faktisk, mistenkt eller påstått mislegald i kommunen. I ein såpass stor og kompleks organisasjon som kommunen er, med eit stort tal tilsette og mange ulike einingar, kan eg likevel ikkje utelukke at dette kan skje.

- ***Om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldast mislegheiter som kan knytast til nærståande partar og transaksjonar med desse***


Bremanger har avgrensa nærståande partar det vert utført transaksjonar mellom som ikkje er regulert av fastsette marknadsprisar eller gebyr basert på sjølvkost. Selskap/føretak dette gjeld er:

Føretak/Selskap	Tenester	Fastsetjing av pris
Frøysjøterminalen KF	Fastsetjing i budsjettvedtak	Sal av rekneskapstenester
Miljøvarme AS	Kjøp av varmvatn	Avtalefesta
Rise næringsbygg AS	Leige av lokale	Fastsett i vedtak

Underteikna har ikkje kjennskap til at kommunen er eksponert feil eller manglar som skuldast mislegheiter i samband med transaksjonar med desse.

Eg kan nemne at salsprosess av kommunen sine aksjar i Rise Næringsbygg AS, jf. KST-07/14, pågår enno.

Med helsing



Tom Joensen
Rådmann

Kopi:
Økonomisjef
Kontrollutval



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Kåre Træen
Telefon: 57643004
E-post: fmsfkr@fylkesmannen.no

Vår dato
25.02.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/822 - 323
Dykkar referanse

Bremanger kommune
Postboks 104
6721 Svelgen

Bremanger kommune – varsel om lovlegkontroll av vedtak i kommunestyresak 60/14

Kommunen blir med dette varslet om at Fylkesmannen vurderer å gjennomføre lovlegkontroll av vedtaket til kommunestyret om budsjettendring i sak 60/14, jf. kommunelova § 59. Vi ber om at etterspurd dokumentasjon blir oversendt snarast og innan to veker, jf. kommunelova § 59 pkt. 6.

Opplysningar i saka

Bremanger kommune vedtok i kommunestyresak 60/2014 ei budsjettregulering for inntekter på kr 171 773 000 knytt til eingongskompensasjon for framtidige heimfallsinntekter etter salet av dei heimfalne kraftverka Svelgen I og Svelgen II. Etter budsjettreguleringa vart inntekta bokført i driftsrekneskapen, og brukt til inndekning av akkumulert underskot, negativ verdiutvikling på derivatavtalane i Danske Bank og avsetjing til disposisjonsfond.

Rekneskapsforskrifta

Det er ikkje eigne rekneskapsreglar for sal av kraftrettar. Dei generelle reglane for skilje mellom drift og investering skal nyttast. Det betyr at forskrift om *årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar* (rekneskapsforskrifta) § 3, forskrift for årsbudsjett for kommunar og fylkeskommunar (budsjettforskrifta) § 2 og § 5 skal leggst til grunn i vurderinga og avgjerda om eingongskompensasjonen for framtidig heimfallsinntekter er ei drifts- eller kapitalinntekt. I tillegg kan førebels standard for *god kommunal rekneskapskikk KRS nr. 4*, om inntekter som ikkje er løpande, nyttast i vurderinga.

Fylkesmannen minner om rettleiande e-post av 17.06.2015 til rådmann og økonomisjef, der det blir vist til nemnde forskrifter og standard. Utover å omtale at *økonomirapport 2* skal tilfredsstille dei formelle krav i lov og reglement, går det ikkje fram av saksutgreiinga til kommunestyret for sak 60/14 at kommunen har gjort vurderingar etter nemnde forskrifter og standard.

Innsending av dokumentasjon og handsaming av budsjett og økonomiplan

For vår handsaming og avgjerd om ein lovlegkontroll, ber vi om at kommunen sender Fylkesmannen dokumentasjon som viser korleis eingongskompensasjonen av framtidige heimfallsinntekter er samansett. Vi ber og om at kommunen i svarbrevet gjer greie for vurderingar som er gjort etter rekneskapsforskrifta § 3 og budsjettforskrifta §§ 2 og 5, samt etter KRS nr. 4.

Ettersom budsjettreguleringa som er gjort i k-sak 60/14 får konsekvensar for budsjett 2015 og økonomiplan 2015 – 2018, blir ikkje desse handsama av Fylkesmannen før det er avklara at vedtaket i sak 60/14 er lovleg.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Fylkesmannen ber om at kommunen snarleg og innan to veker sender den førespurde dokumentasjon med vurdering, jf kommunelova § 59 pkt.6.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi pr. e-post: KRYSS Revisjon (postmottak@kryssrevisjon.no)

Fra: Terje Førde
Sendt: 23. januar 2015 09:50
Til: Tom Joensen (Tom.Joensen@bremanger.kommune.no); 'Inger Hilde'; Magnhild Myklebust (Magnhild.Myklebust@bremanger.kommune.no); 'rh@bremanger.kommune.no' (rh@bremanger.kommune.no); post@bremanger.kommune.no; kvf@bremanger.kommune.no
Kopi: Arnar Helgheim; Trine Vokuhl
Emne: Prosjektrekneskap, trafikktryggingstiltak, TIK-midlar, Bremanger
Vedlegg: Revidert prosjektrekneskap trafikktryggingstiltak, TIK-midlar, Bremanger, revuttale 220115.pdf

Hei.

Vedlagt følger vår uttale i saka, «Utbetring avkøyrsløse Øyratunet, ...» saman med øvrige dokument. Merk at vi også har særattestert oversikten over interne kostnader belasta prosjektet, som ligg ved her. Vi har ingen merknader til det som ligg føre; jfr. vår uttale av i går, d. 22.01.2015. Vi legg ikkje ved bilaga i retur her, som vi fekk scanna hit frå Inger Hilde. Vi legg heller ikkje ved den e-post-korrespondanse som vi har hatt med kommunen i saka. Desse er lagra samla i våre revisjonspapirer her.

Takkar for samarbeidet kring denne særattestasjonen og vonar det skal gå greitt for kommunen å få utbetalt tilskotsmidlane til prosjektet.

De må sjølve henvende Dykk til Statens Vegvesen for å be om utbetaling av tilskotsmidlane.

I samsvar med med praksis i slike saker er kopi av denne e-post m/vedlegg oversendt Kontrollutvalet i kommunen v/SEKOM-Sekretariat.

Viser til vedlegg. . /.

Med helsing

KRYSS Revisjon

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Mobil: 99 22 92 27

E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no <mailto:terje.forde@kryssrevisjon.no>



Bremanger kommune
v/Rådmannen

6723 SVELGEN

Dykkar ref.:
13/2351-11/K2-Q80//IH

Vår ref.:
//prosjrek/trafikktrygg-
ingstiltak,revuttale220115

Arkivkode:
212Q80

Journalnr.:
005 / 2015

Dokumentdato:
22. jan. 2015

REVISJONSUTTALE – PROSJEKTREKNESKAP/FERDIGMELDING TRAFIKK- TRYGGINGSTILTAK, TIK-PROSJEKT 2014, 1438 BREMANGER KOMMUNE

Rekneskapen for ovannemnde prosjekt, trafikktryggingstiltak, «Utbetring avkøyrslø Øyratunet, sikrere tilkomst til Svelgen skule og barnehage», har vore førelagt kommunerevisjonen i Bremanger kommune for gjennomsyn, kontroll og uttale. Prosjektet er sluttrapportert og det ligg føre ferdigmelding i brev 18.12.14 overfor Statens Vegvesen, Region Vest. Det er gjeve tilsagn om TIK-midlar til prosjektet med kr. 213.000,-, i brev 06.02.14 frå Statens Vegvesen.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som samsvarar med «ISRS 4400 – Avtala kontrollhandlingar», og desse er opplista nedanfor. Handlingane er utført for å bistå Bremanger kommune og Statens Vegvesen i vurderinga av riktigheita av økonomien i prosjektet; - jfr. tilsagnsbrev av 06.02.14 frå Statens Vegvesen, referanse 2013/1121037-029.

Vi vil oppsummere vårt arbeid slik:

Det ligg føre skriv av 18.12.14 frå Bremanger kommune til Statens Vegvesen, Region Vest, der sum kostnader for prosjektet går fram. I sum utgjer dette kr. 207.349,25,-, inkl. 25 % mva. Prosjektet er blitt noko mindre enn først planlagt. Dette er forklart og begrunna i samordning med eit anna prosjekt vedr. gatelys i Svelgen, Fv 614.

Prosjektet er i tilsagnsbrevet tilstått tilskot frå trafikktryggingstiltaksmidlar med kr. 213.000,-, men pga. endra volum i kostnadene i prosjektet vert det no søkt om utbetaling av kr. 124.410,-. Dette utgjer 60 % av totalkostnadene i prosjektet. Det er gjort greie for dei interne kostnadene som er belasta prosjektet med kr. 63.281,25. Vi har også attestert for desse med vår påskrift i dag. Vi er ikkje kjende med at tilskotsmidlar pr. dato er overført/utbetalte til kommunen.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. Terje Førde: , 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobil: 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 61 26 48;
- evt. mobil: 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstad 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil: 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt. mobil: 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobil: 47 65 50 93

Vi stadfester med dette at vi bl.a. har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:

- Om prosjektrekneskapa er rapportert og underskriven av kommunen
- Beskrivinga av at prosjektet samsvarar med politiske vedtak og budsjettføresetnader
- Utgifter og inntekter som er bokført på prosjekta vedkjem prosjektet og har 'tilhørigheit' til dette
- At det er korrekt handsaming av regelverket kring moms og momskompensasjonsordningane (to adskilte regelregimer)
- At prosjektrekneskapen er konsistent med taldelen i dei offisielle årsbudsjett/årsrekneskap for Bremanger kommune, som prosjektrekneskapen byggjer på
- At rekneskapsrapporteringa er i samsvar med Bremanger kommune sine vedtak; og politiske føresetnader; - jfr. det som er nemnt i skriv av 18.12.14 frå Plan og forvaltning i kommunen til Statens Vegvesen

Vi har ingen merknader til den sluttrapportering og ferdigmelding som ligg føre frå kommunen si side. Vi vil såleis ikkje ha merknader til at tilskotsmidlar blir overført/utbetalte til Bremanger kommune, slik det er bede om i brev av 18.12.14 frå kommunen til Statens Vegvesen, Region Vest.

Kopi av dette skriv vert å legge ved sluttrapporteringa overfor Statens Vegvesen, og kopi er også oversendt kommunen sitt Kontrollutval til orientering.

Våre handlingar mot nemnde prosjektrekneskap vil kunne bli innstilt frå vår side når endelege sluttrapporteringar er førelagt politiske styringsorgan i kommunen, tilskot inntektsført og eventuelle vedtak kring prosjektet er effektuert og bokført av rådmannen/økonomiavdelinga i Bremanger kommune.

Florø, den 22. januar 2015

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
 Postboks 447, 6801 Førde

 Terje Førde
 Dagleg leiar/Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef

KRYSS Revisjon
 Kommunerevisjonen i
 Ytre Sogn og Sunnfjord

Trine Vokuhl
 Kommunerevisor 1
 (sign.)

VEDLEGG:

Ferdigmelding/sluttrapport 18.12.14

Kopi: Kontrollutvalet i Bremanger v/SEKOM-Sekretariat
 Arealplanleggjar Inger Hilde
 Leiar Plan og forvaltning Magnhild Myklebust
 Økonomisjefen i Bremanger kommune



BREMANGER KOMMUNE PLAN OG FORVALTNING

Region Vest Statens vegvesen

Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Vår ref.
13/2351-8/K2-Q80//IH

Dykkar ref.
2013/121037-029

Dato:
18.12.14

Ferdigmelding av tiltak innanfor tilskotsordninga for trafikktrygging i kommunane - TIK

Vi viser til dykkar brev datert 06.02.14 om tildeling av TIK-midlar med kr 213.000,- til prosjektet «Utbetne avkøyrseil til Øyratunet, sikrare tilkomst til Svelgen skule og barnehage», som var kostnadsreikna til kr 354.550,-. Vi viser og til utsett frist for ferdigmelding til den 19.12.14, jfr dykkar brev datert 24.10.14.

Prosjektet er no gjennomført, og det kom på kr 207.349,25 inkl mva. Sjå oversyn underståande. Prosjektet er blitt noko mindre enn planlagt. Bakgrunnen er samordning med prosjekt gatelys Svelgen, fv 614. Det er såleis blitt mindre utgifter til arbeid med avkøyrseil Øyratunet. Med bakgrunn i nyare innspel frå skule/barnehage om tilhøva på parkeringsområdet vinterstid, er planlagd vegutviding/mur i Øyratunet erstatta med gatelys, med to armatur, i rundkøyringa i enden av Øyratunet. Ein vurderer det slik at dette tiltaket er betre tryggingstiltak enn vegutvidinga. Vegen har no fått god sikt etter fjerning av tette hekkar og oppsetting av nye flettverksgjerde. Dette gjev god sikt i Øyratunet, slik at bilar kan stogge i god tid for møtande trafikk, og ein slepp rygging. Vegutvidinga blir då ikkje så om å gjere. Kommunen har hatt eindel timar med eigeninnsats i samband med prosjektering, oppmåling, oppfølging av prosjektet, herunder eige arbeid med asfaltering. Det er såleis sett opp kostnader til dette i oversynet.


Arbeid/kostnads-berar	Sum utan mva	Mva	Sum inkl mva
Bu og Fritid AS	Kr 54.274,40	Kr 13.568,60	Kr 67.843,-
Ferstad Installasjon AS	Kr 48.392,85	Kr 12.098,21	Kr 60.491,-
Maskinentreprenør1 AS	Kr 12.587,50	Kr 3.146,88	Kr 15.734,-
Interne kostnader	Kr 50.625,-	Kr 12.656,25	Kr 63.281,25
SUM	Kr 165.879,75	Kr 41.469,94	Kr 207.349,25

Med bakgrunn i mindre kostnader enn føresett, blir tilskotet redusert. Vi bed difor om at det blir utbetalt tilskot med 60% av kostnadene, dvs kr **124.410,-** til kontonummer: 3776 07 50035. Organisasjonsnummer Bremanger kommune: 959 318 166.

Med helsing

Inger Hilde

arealplanleggjar



Magnhild Myklebust
Magnhild Myklebust

leiar plan og forvalting

Vedlegg kopi av fakturaer

Elektronisk post

Frå: Plan og forvaltning

Til: Region Vest Statens vegvesen,

Vår ref.: 13/2351-10

Arkiv: K2-Q80

Dato: 23.12.2014

Vedlegg til ferdigmelding av TIK-prosjekt 2014, oversyn over interne kostnader

Dykkar ref 2013/121037-029

Viser til ferdigmelding oversend 18.12.14 på epost. Vedlagt er vedlegget som vanta. Vi sender over godkjend rekneskap frå revisor når denne ligg føre.

Interne kostnader i samband med TIK-prosjekt 2014

Administrasjon, oppmåling 25t à kr 825,-	Kr 20.625,-
Oljegrus 18tonn à kr 856,-	Kr 15.400,-
Arbeid uteseksjon 24t à kr 400,-	Kr 9.600,-
Maskin m førar 8t 20min à kr 600,-	Kr 5.000,-
Sum utan mva	Kr 50.625,-
Mva 25%	Kr 12.656,25
Sum inkl mva	Kr 63.281,25

*Attestert, jf. vår
uttale i brev 22/1.15*

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6870 Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef
KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord



BREMANGER KOMMUNE
PLAN OG FORVALTNING

KRYSS-revisjon
pb 487

6803 FØRDE

postmottak@kryssrevisjon.no

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Samnård
KRYSS-REVISJON

Dato: 22.01.2015 Off: 1-
Sak nr. 004/2015 Regatt: 1-
Arkiv: 2/2Q80
Avd.kode: 1438
Sakshandsamar: T.F.

Vår ref.
13/2351-11/K2-Q80//IH

Dykkar ref.

Dato:
23.12.2014

**Oversending av sak for handsaming - prosjekt trafikktryggingstiltak
2014**


Kommunen har fått tilsegn om tilskot med kr 213.000,- av dei fylkeskommunale midlane til trafikktrygging i kommunane –TIK-midlar. Prosjektet i pr vart noko rimelegare enn føreset, og tilskotet ein no bed om å få utbetalt av TIK-midlane er såleis på kr 124.410,-. Sidan tilskotet er over kr 100.000,-, skal rekneskap vere godkjent av revisor. Vi har sendt over ferdigmelding av TIK-prosjektet til Vegvesenet den 18.12.14, og meldt at vi sender over revidert rekneskap når denne ligg føre. Vi bed difor, med bakgrunn i vedlegg, om at de handsamar saka.

Med helsing

Inger Hilde
arealplanleggjar

Kopi til leiar plan og forvalting og leiar teknisk drift

Vedlegg: kopi av oversending til Vegvesenet den 18.12.14, og kopi av oversending av vedlegg til Vegvesenet den 23.12.14



Årsrapport for 2014

Skatteoppkrevjaren i Bremanger kommune

Innhold

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret.....	3
1.1.1 Ressurser	3
1.1.2 Organisering	3
1.2 Internkontroll	4
1.3 Vurdering av skatteinngangen	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret.....	4
1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret	4
1.4 Skatteutvalg	4
2. Skatteregnskapet	4
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet.....	4
2.2 Margin	5
2.2.1 Margin for inntektsåret 2013.....	5
2.2.2 Margin for inntektsåret 2014.....	5
2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen.....	5
3. Innfordring av krav	5
3.1 Restanseutviklingen.....	5
3.1.1 Totale restanser og berostilte krav	5
3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser	6
3.1.3 Restanser eldre år	7
3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år.....	7
3.2 Innfordringens effektivitet.....	7
3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2014	7
<u>Resultat innbetalt pr. 31.12.14.....</u>	<u>7</u>
3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat.....	7
3.2.3 Omtale av spesielle	8
Nokre skattytarar som er blitt skjønnslikna over fleire år og fått store restskattar. Dei er blitt anbefalt å kontakte Skattehjelpen.	8
3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen.....	8
Ved å nytte telefoninkasso aktivt og halde fleire utleggsforretningar kan det vere muleg å få til ei meir effektiv innfordring.	8
3.3 Særnamskompetanse.....	8
4. Arbeidsgiverkontroll.....	8
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen	8
Bremanger kommune er pr. i dag ikkje deltakar i noka interkommunalt samarbeid, men prøver å utføre også denne oppgåva med eigne ressursar.....	8
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller.....	8
4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen	8
Enkelte arbeidsgjevarar er ikkje flinke til å melde arbeidstakarane inn og ut av AA-registeret. Dette er påpeika i rapportane til dei det gjeld.....	8
4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen	8
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører	9
4.6 Gjennomførte informasjonstiltak	9

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet


1.1 Skatteoppkreverkontoret

1.1.1 Ressurser

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Antall årsverk ved skatteoppkreverkontoret som kun er benyttet til skatteoppkreverfunksjonen i regnskapsåret	1	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkreverkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatteregnskap		30%
Innfordring av skatt og arbeidsgiveravgift		45%
Arbeidsgiverkontroll		15%
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og regnskapsførere/revisorer		5 %
Skatteutvalg		-----
Administrasjon		5 %
(Andel fordelt skal være 100 %)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Økonomiavdelinga i Bremanger kommune er organisert slik:



Økonomiavdelinga sitt ansvarsområde er firedeelt:

- 1 Innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift på vegne av staten etter skattebetalingslova og instruksar frå skattedirektoratet og Skatt Vest.
- 2 Rekneskapsførarfunksjonen for kommunen.
- 3 Innkrevjing av kommunale avgifter, eigenbetaling m.m., innkjøp.
- 4 Drift, økonomisk planlegging med årsbudsjett og økonomiplan.

SKO har det daglege ansvaret for alle oppgåver som omhandlar skatt, sjå punkt 1 ovanfor.

1.1.3 Ressursar og kompetanse

Som ein kan sjå av organisasjonskartet, har Bremanger kommune 1,3 stilling som skal vere knytt opp mot skatt. I tillegg har også økonomisjefen tilgang til skatterekneskapen. For tida blir dei fleste oppgåvene utført av skatteoppkrevjar åleine.

Økonomisjefen/økonomikonsulent godkjenner utbetalingane i bank, og førstekonsulent skatt anviser/attesterer utbetalingsoppdrag i Sofie. Dersom desse to ikkje er til stades, anviser/attesterer samarbeidspartnar i Eid kommune.

1.2 Internkontroll

Bremanger kommune og Nordfjordkommunane har i samarbeid utarbeidd rutinebeskrivelse og verksemdsplan. Rutinebeskrivelse og verksemdsplan er no ferdig tilpassa det enkelte kontor, og blir fortløpande oppdatert.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret

For 2014 er det innbetalt totalt kr 356.118.219 mot kr 352.821.821,- i 2014 Dette er ein auke på kr 3.286.695,-.

1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret

Fordelinga mellom skattekreditorane har i 2014 vore slik:

Kommune:	kr	93.322.105
Stat:	"	128.208.497
Fylke:	"	20.210.196
Trygd/fond	"	114.382.178

1.4 Skatteutvalg

Frå 2009 skal skatteutvalsaker sendast til Skatt Vest. Skateoppkrevjaren skal lage innstillinga. Skatteoppkrevjaren i Bremanger har ikkje hatt nokon slike saker i 2014.

2. Skatteregnskapet

2.1 Avleggelse av skatteregnskapet

Avleggelse av skatteregnskapet

Skatteoppkreveren i Bremanger kommune bekrefter at skatteregnskapet for 2014 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldende forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevdere av 8.april 2014 § 3-3 nr. 2.

Årsregnskapet for 2014 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkreveren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2013

Innestående margin for inntektsåret 2013, pr. 31.10.2014 kr - 1.664.831

For lite avsatt margin for inntektsåret 2013 kr 1.664.831

Marginprosent

Prosentprosent marginavsetning: 10 %. Gyldig fra: 01.01.2012

2.2.2 Margin for inntektsåret 2014

Marginavsetning for inntektsåret 2014, pr. 31.12. 2014 kr 24.389.698

Gjeldende prosentprosent marginavsetning: 10 %. Gyldig fra: 01.01.2012

2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen

Marginavsetning for inntektsåret 2014, pr. 31.10.2014 kr 19.112.715

Gjeldende prosentprosent: 10%.

Prosentprosenten vart i kommunestyre 14.12.2011 auka frå 8% til 10%.

Skatteoppgjøret for 2013 viste at for dette året hadde vi underskudd på margin.

3. Innfordring av krav

3.1 Restanseutviklingen

3.1.1 Totale restanser og berostilte krav

